



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Voss, 09. mars 2017

Høyringsuttale om løyve til å byggje Storagroe kraftverk.

Voss Naturvernlag er lokallag i Norges Naturvernforbund og har motteke Voss Energi AS sin søknad om løyve til å byggje Storagroe kraftverk i Voss kommune.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil nytte eit fall i Storagroe på 320 meter frå inntaket på 480 moh til kraftstasjonen på 160 meter. Vassvegen vil bli på 1700 meter og nedgrave heile vegen. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 4,1 MW og vil etter planane gje ein årsproduksjon på 9,0 GWh.

Om Storagroe

Rådgivene Biologer AS (RB) har utarbeidd ein rapport om verknadene av tiltaket på miljø, naturressursar og biologisk mangfald i området. I dette arbeidet har RB brukt dei malar og vegleiarar som er tilrådd av styremaktene. Det siste året har det vore gjennomført undersøkingar (m.a. i Øystesevassdraget) som tyder på at det kan vere ei underrapportering av raudlistearter og trua naturtypar i slike rapportar. Det ligg ikkje føre noko dokumentasjon på at det er slik i dette tilfellet, men me ber NVE om å vere merksam på den generelle situasjonen. Voss Naturvernlag er likevel skeptiske til, og direkte ueinig i dei vurderingar som RB gjer med omsyn til kva konsekvensar utbygginga vil få for naturverdiane i området.

Konklusjon

Dette området er mykje brukt som turområde og vil ved ei evt. utbygging få redusert visuell verdi ved at eit kjent og vakkert landskapsbilde vert forringa. Voss Naturvernlag går imot denne utbygginga først og fremst fordi den samla belastninga frå tidlegare og ny planlagd kraftutbygging i området er stor. Ei evt. vidare utbygging i området vil etter vårt syn overskride visuelle tålegrenser samstundes som det frå utbyggjaren si side er peika på forhold som kan få innverknad på naturmangfaldet i området.

Med helsing
Voss Naturvernlag
Kåre Flatlandsmo
leiar